

Retningslinjer for Misjonshuset menighet (ikkje endeleg namn)

§ 3 TILKNYTING

Dersom det oppstår problem som ikkje er omtala i *Misjonshuset menighet* sine lovar og som ikkje lar seg løyse i menigheten sine indre organ, skal regionleiarane i NLM og ImF bli involverte. Er det likevel problemstillingar som ikkje lar seg løyse er det NLM som er siste instans.

§ 4 FORKYNNING OG SAKRAMENT

Det naturlege er å hente inn forkynnarar frå eigarorganisasjonane. Når andre forkynnarar nyttast så vert det forventa at forkynninga er i tråd med menigheten si vedkjenning (§ 2 i lovane).

§ 5 MEDLEMSKAP

1. Barn av foreldre som er medlemmar vert skrivne inn som medlem ved dåp. Barn som er døypte i andre forsamlingar eller menigheter vert skrivne inn etter melding frå føresette.
2. Dei som identifiserer seg med menigheten sitt føremål og vedkjenning og som vil vere lojale mot menigheten sine retningslinjer kan bli medlemmar.
3. Medlemmar vert tatt opp etter medlemssamtalar med eldstar eller nokon som eldstane ber om det. Stikkord: Velkomstsamtale, bli kjend, praktiske ting, om menigheten si tru, om kristent liv, om lojalitet, om teneste i menigheten m.a.
4. Medlemmar som ikke har betalt kontingent i to år og som framleis ikkje betalar etter å ha blitt kontakta om dette, er ikkje lenger å rekne som medlem.
5. Medlemmar som ikkje lever i samsvar med § 2 i lovane for *Misjonshuset menighet*, og som ikke rettar seg etter gjentekne oppfordringar frå forsamlinga sitt eldsteråd, kan miste medlemskapen sin.
6. Menigheten er ikkje eit trussamfunn. Medlemmane står fritt til å melde seg inn i andre trussamfunn. Ved dåp blir det gitt tilbod om å melde seg inn i ein av eigarorganisasjonane sine trussamfunn.

§ 6 ÅRSMØTE

Innkalling til årsmøte må sendast ut på e-post eller post.

Det er mogleg å stille benkeforslag til alle val bortsett frå eldsteråd.

Ein bør søke å foreta reelle val med avstemming som skal vere skriftleg dersom nokon ønsker det.

Styret har plikt til å legge fram saker som eit medlem skriftlig vil fremme på årsmøtet.

22/12-2018

Saker som medlemmar fremmar seinare enn fristen eller på sjølve årsmøtet, kan ikke realitetshandsamast, men skal oversendast styret for vidare handsaming.

Årsmøtesaker:

1. Val av ordstyrar og referent
 - a. Styret fremmer forslag
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Årsmelding frå styret
4. Årsmelding frå eldsterådet
5. Godkjenning av revidert rekneskap og budsjett
6. Val
 - a. Styre for menigheten
 - b. Eldste
 - c. Revisor
 - d. Valnemnd (ved styret)
7. Samtale om arbeidet
8. Eventuelt

Valkomit :

Valkomiteen skal best  av 3 personar og varapersonar som er nominerte av styret og har sagt seg villige. Valtid er tre  r, det skal veljast ein ny kvart  r.

Valkomiteen sine oppg ver:

1. Finne kandidatar til ledige verv i alle styre bortsett fr  eldster d.
2. Valkomiteen si innstilling skal oversendast styret seinast 4 veker f r.
3. Informerer om valreglar og gjennomf rer val p   rsm tet.
4. Valkomiteen m  legge vinn p  representasjon av heile breidda i menighetsarbeidet ved at eigarorganisasjonane og dei store aktivitetane er representerte.
5. alle personane som stiller til val skal v re eigna og ikkje kunne klandrast for noko av taushetsbelagt karakter.

  7 STYRET

1. er ansvarleg for den daglege drifta.
2. har ansvar for menigheten sin  konomi.
3. har overordna ansvar for alle praktiske forhold i samband med menigheten sine m te, arrangement og ulike verkegreiner.
4. har ansvar for menigheten sitt fellesskapsbyggande arbeid. Styret skal arbeide for   styrke menigheten som fellesskap p  tvers av eigarorganisasjonar og aldersgrupper. Dei skal og arbeide for   skape trivsel og  ndeleg tilh rsle for alle.

5. skal sette fokus på regelmessig møteverksemd med tilbod til ulike aldersgrupper. Dei skal arbeide for systematisk trusopplæring.
6. Legg til rette for at det vert gjennomført konfirmasjonsundervisning.
7. skal legge til rette for at eigarorganisasjonane skal få informere om og oppmuntre til støtte og deltaking i misjonsarbeidet sitt i inn- og utland.
8. skal rapportere til eigarorganisasjonane.
9. Styreleiar møter i formannskomiteen med tale- og forslagsrett.
10. skal legge til rette for felles samlingar mellom styret og representantar frå underkomiteane.
11. informerer om det som hender i menigheten.
12. Menighetsleiar/ pastor/ -tilsett har tale- og forslagsrett i styret, men er utan stemmerett. (Der det er aktuelt, dersom menigheten har fleire tilsette har menighetsleiar/ pastor møterett).

MENIGHETSSTYRET OG ELDSTERÅD I FELLESSKAP

13. Menighetsstyret og eldsterådet skal samlast minst to gonger kvart år for å samtale om arbeidet og for å sørge for god samhandling i menigheten.
14. Menighetsstyret og eldsterådet er saman om tilsettingar. Ei tilsetting krev $\frac{2}{3}$ fleirtal. Tilsettingar blir gjort i samråd med NLM og ImF. For at menighetsstyret og eldsterådet skal vere avgjerdsdyktige vert det kravd $\frac{2}{3}$ deltaking.

§ 8 ELDSTERÅD

1. Dei eldste sine primære oppgåver er å vere åndelege rettleiarar og rådgivarar samt føre tilsyn med enkeltpersonar, styret og menigheten i tråd med Matt 18: 15-18.
2. Eldsterådet består av minst tre menn som har dei karaktertrekk Bibelen omtalar og som har tillit i menigheten.
3. Har overordna ansvar for forkynninga av Guds ord og forvalting av dåp og nattverd.
4. Ser til at menigheten får høyre heile Guds råd til frelse, prøver forkynninga og vaktar menigheten mot vrang lære.
5. Er i særleg grad innvigde til bønn for menigheten.
6. Har ansvar for at det blir gjennomført medlemssamtale med personar som vil slutte seg til menigheten. Medlemmer vert tatt opp etter medlemssamtalar med eldstar eller noen som eldstane ber om det.
7. Eldsterådet skal ha omsorg for medlemmane sitt liv gjennom bøn, rettleiing og sjelesorg. Vidare skal dei oppmuntre og rettleie den enkelte til nådegåvebasert teneste.

8. Eldsterådet skal vere opptekne av å oppmuntre til å nå nye og til ei kvar tid finne tenlege vegar for å vinne nye for Guds rike og det evige liv.
9. Det skal vere skriftleg tilslutning av eldste.

§ 9 ØKONOMI

1. Revidert rekneskap og budsjettforslag skal leggjast fram for årsmøtet for godkjenning.
2. Kollekt og givarteneste i regi av menigheten sine møter/ samlingar går til menigheten.
3. Styret har ansvar for å drifte menigheten forsvarleg og til ei kvar tid sikre ei sunn økonomisk drift. Eventuelt overskot skal fordelast likt mellom eigarorganisasjonane.
4. Eventuelle tilsettingar skal godkjennast av eigarorganisasjonane lokalt.
5. Eventuelle tilsettingar skal gjerast i samråd med NLM og IMF, slik at ein av desse tar personalansvaret. Menigheten må kunne ta ansvar for lønnsutgifter.

§ 12 OPPHØYR

Trekker ein av eigarorganisasjonane seg ut av menigheten tilkjem deira del menigheten utan vederlag.